

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 4-2025

Fredag 12.12.25 blei det halde møte kl. 10.00-14.00 på Valldal fjordhotell i Fjord kommune.

Fire av representantane var med via Teams.

Til stades:

Fjord kommune: varaordfører Jens Aklestad (til 11.30)
Giske kommune: varaordfører Marit G. Alnes
Stranda kommune: ordfører Einar Arve Nordang
Sula kommune: ordfører Turid Humlen (leiar)
Ulstein kommune: ordfører Stian Skorgen Scheide
Vanylven kommune: ordfører Paul Sindre Vedeld
Volda kommune: varaordfører Sverre Leivdal
Ørsta kommune: ordfører Per-Are Sørheim
Ålesund kommune: politiker Anne Berit Støyva Emblem

På Teams:

Haram kommune: politiker Emil Korsnes (vara)
Herøy kommune: ordfører Ann-Kathrin Storøy
Sande kommune: politiker Wenche Bjørkeng (vara)
Vestnes kommune: ordfører Randi Bergundhaugen

Forfall:

Haram kommune: varaordfører Siv Katrin Ulla Hagala
Hareid kommune: varaordfører Oskar Grimstad
Sande kommune: ordfører Dag Vaagen
Sykkylven kommune: ordfører Olav Harald Ulstein (nestleiar)

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styreleiar Kenneth Langvatn, ordfører i Giske kommune
Nestleiar Sølvi Dimmen, ordfører i Volda kommune
Vebjørn Krogsæter, ordfører i Haram kommune
Terese Jemtegård Moen, ordfører i Fjord kommune
Bernt Brandal, ordfører i Hareid kommune

Kommunedirektørar:

Bjørn Inge Ruset, Fjord kommune
Karl André Birkehol, Giske kommune

Andre:

Ovidie Mari Lyng, prosjektleiar Natursats (sak 38/25)

Inge Bruheim, dagleg leiar og forskningssjef i Runde Forsking (sak 38/25)

Nils-Roar Hareide, Runde Forsking (sak 38/25)

Christoph Noever, Runde Forsking (sak 38/25 via Teams)

Marius Moe, personalsjef og ass. kommunedirektør i Fjord kommune (sak 39/25)

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Referent:

Dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Sak 34/25: Velkommen

Leiaren for representantskapet ønske velkomen til møtet.

Terese Jemtegård Moen ønske velkomen til Fjord kommune.

Sak 35/25: Godkjenning av innkalling

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Innkallinga blir godkjend.

Sak 36/25: Godkjenning av sakliste

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Sakslista blir godkjend. Styreleiar meldte inn sak om nytt destinasjonsselskap til eventuelt.

Sak 37/2025: Val av to personar til å underteikne protokollen saman med møteleiar

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Per-Are Sørheim og Anne Berit Støyva Emblem blir valde til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Sak 38/2025: Orientering om Natursatsprosjektet - kartlegging av marint biologisk mangfold i

Sunnmørsfjordane

Ved prosjektleiar Ovidie Mari Lyngne og Inge Bruheim, dagleg leiar og forskingsjef i Runde Forsking

Resultata frå Natursats blei presentert i møtet. I diskusjonen blei det stilt spørsmål ved kunnskapsgrunnlaget knytt til fjordfiske, og kartlegging knytt til til dømes botn inni fjordane blei spelt inn som tema til ny Natursats-søknad i 2026.

Vedtak: Orienteringa blir tatt til vitande.

Sak 39/25: Orientering om arbeidet med omdømme, attraktivitet og rekruttering i Fjord

Ved Marius Moe, personalsjef og ass. kommunedirektør og ordførar Terese Moen Jemtegård

Personalsjef Marius Moe fortalde om bakgrunnen for å satse på branding og omdømmebygging i Fjord kommune, kva som er gjort så langt og korleis dei skal arbeide med å styrke merkevara vidare.

I det vidare skal Fjord mellom anna auke den interne kommunikasjonskompetansen, setje merkevarestrategien og etablere ein identitet som Fjordfolket. Målet er m.a å tiltrekkje seg innbyggjarar og rekruttere naudsynt kompetanse. Gjennom forholdsvis små grep og medvite kommunikasjon ser dei effekt i tilgangen på relevante interessentar til stillingar.

Vedtak: Orienteringa blir tatt til vitande.

Sak 40/25: Ny strategi for Sunnmøre regionråd – endeleg vedtak

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar orienterte om prosessen frå oppstart i vår til endeleg utkast. Etter høyringsrunda i kommunane blei enkelte moment løfta inn og tydeleggjort i strategien, som styret tilrådde å vedta og som representantskapet meinte var gode og naudsynte grep.

Det kom forslag om å endre formuleringa for tiltak 5 under innsatsområde Verdiskaping og attraktivitet til følgjande formulering, der endringa er synleggjort ved å streke over ordet som byttast ut:

«Administrasjonen skal foreslå ein plan for regionrådet si rolle i arbeidet med å ~~betre~~ **byggje** omdømmet og attraktiviteten til regionen.»

Saman med tilrådinga frå styret blei det gjort følgande samla vedtak:

Vedtak:

Representantskapet i Sunnmøre regionråd vedtar forslaget til ny strategi for Sunnmøre regionråd med følgande endringar:

- Endeleg variant misjon - alternativ A: «Utvikling gjennom samarbeid».
- Ny målformulering for strategisk innsatsområde «Det indre liv: Innovasjon og samarbeid i kommunal sektor»:
«Regionrådet opplevast som samlande, og er ein pådrivar for utvikling i regionen og den enkelte kommune, gjennom deling av kunnskap og etablering av relevante samarbeids- og utviklingsarenaer.»
- Strategisk innsatsområdet «Det eksterne: Samferdsel» endrast til **«Det eksterne: Samferdsel og infrastruktur»** og følgande nye tiltak leggst inn under her:
 - Tiltak 6: Regionrådet skal arbeide interessepolitisk med kraft- og energispørsmål, for å betre vilkåra for regionen generelt og næringslivet spesielt. Dette skal mellom anna skje gjennom å bringe fram fakta om situasjonen slik den er i dag, og arbeide for å sikre tilstrekkeleg kraft til regionen.
- Ny formulering for tiltak 5 under strategisk innsatsområde «Verdiskaping og attraktivitet»:
 - «Administrasjonen skal foreslå ein plan for regionrådet si rolle i arbeidet med å byggje omdømmet og attraktiviteten til regionen.»
- Felles tiltak på tvers av innsatsområde – tiltak A endrast til følgande:
 - Tiltak A: Regionrådet er ein pådrivar for å følgje opp saker på nasjonalt eller regionalt nivå som er viktige for deltakarkommunane, slik som samfunnssikkerheit og beredskap.

Sak 41/25 Arendalsuka 2026

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

I strategien ligg det inne ei forslag til tiltak om at «Regionrådet skal søke samarbeid for å etablere ein attraktiv møteplass for sunnmørsregionen under Arendalsuka, frå og med 2026.»

Dagleg leiar gjorde greie for eit konkret initiativ som er komen frå Maritimt Forum Nordvest for ei felles satsing frå fylket under Arendalsuka, og at regionrådet har stilt seg positiv til å bidra med eit beløp for å kunne arbeide vidare med booking av båt til arrangementet.

Både leiaren av representantskapet og fleire andre deltakarar delte egne erfaringar frå Arendalsuka. Det blei signalisert at det er ønskeleg at regionen er tilstades.

Vedtak: Orienteringa blir tatt til vitande.

Sak 42/25 Møteplan 2026 representantskapet og styret

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar presenterte eit forslag til møteplan for både styret og representantskapet for 2026.

Vedtak:

- Møta i representantskapet blir i 2026 på følgende datoar:
 1. Fredag 30. januar
 2. Fredag 5. juni
 3. Fredag 18. september
 4. Fredag 11. desember
- Møta i styret blir i 2026 på følgende datoar:
 1. Fredag 16. januar
 2. Fredag 20. mars
 3. Onsdag 20. mai
 4. Fredag 4. september
 5. Fredag 27. november

Sak 43/25: Budsjett 2026

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar gjorde greie for at styrebehandlinga av budsjettforslaget for 2026

Dei valde då å tilrå administrasjonen sitt forslag til budsjett, som legg til grunn ei justering av driftstilskotet frå kommunane med 3,5 % frå 2025 til 2026, likt anslaget på kommunal deflator i framlegget til statsbudsjett.

Basert på innbyggartal og den foreslegne auken i driftstilskot, blir tilskotet justert frå kr. 24,21 per innbyggjar i 2025 til kr. 24,85 per innbyggjar i 2026.

Forslaget gir eit driftstilskot frå kommunane til generell drift på kr. 3.979.575,00,-.

Driftstilskotet frå den enkelte medlemskommune, basert på SSB-rapporterte innbyggartal ved utgangen av tredje kvartal, blir då som følger:

Kommune	Innbyggartal ved utgangen av K3 2025 (SSB)	Driftstilskot 2026 (avrunda), 2024-tal i parentes
Giske	8808	218 879 (217 000)
Haram	9436	234 485 (227 000)
Hareid	5352	132 997 (129 000)
Herøy	9022	224 197 (217 000)
Fjord	2518	62 572 (60 000)
Sande	2427	60 311 (59 000)
Stranda	4345	107 973 (105 000)
Sula	9825	244151 (235 000)
Sykkylven	7618	189307 (184 000)
Ulstein	8869	220 395 (215 000)
Vanylven	3035	75 420 (73 000)
Vestnes	7292	181 206 (173 000)
Volda	11019	273 822 (269 000)
Ørsta	11044	274 443 (265 000)
Ålesund	59 526	1 479 221 (1 417 000)
SUM	160136	3 979 575

Styreleiar gjorde greie for at behovet for moderasjon blei drøfta i styret og at dei tilrår at representantskapet ber om ei budsjettjusteringssak, noko det var tilslutning for i representantskapet.

Vedtak:

- Representantskapet i Sunnmøre regionråd vedtar budsjettet for 2026, slik det blei presentert i representantskapsmøtet den 12. desember 2025.
- Representantskapet ber om ei budsjettjusteringssak våren 2026.

Sak 44/25 Orientering frå dagleg leiar

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

- Helse og sjukehus: Det blei gjort greie for dei ulike løpa ein arbeider etter knytt til betring av rammevilkåra for HMR, samt arbeidet med å få på plass eit PCI-senter i Ålesund.
- Nytt fengsel på Sunnmøre: Etter lang venting er oppdraget får Justisdepartementet endeleg gått til Kriminalomsorgsdirektoratet. Her er eit nytt fengsel i Ålesund knytt opp mot nedstyring av plassar på Hustad, og dagleg leiar gjorde greie for korleis ein arbeider saman med Romsdal for å tone ned moglege konflikter og korleis ein planlegg å få fart og forrang i prosessen knytt til nytt fengsel i Ålesund.
- Etablering av KSF (Kommunenes samarbeidsarena for forskning) på Sunnmøre: Ålesund kommune er positive til å vere motorkommune på Sunnmøre, og dagleg leiar fortalde kort om regionrådet si rolle i dette.
- Fråverseksplosjon i grunnskulen: Dagleg leiar gjorde greie for at fråværet i grunnskulen er underkommunisert frå sentrale myndigheiter, medan utviklinga er alarmerande. Representantskapet ønskte å få tala det blei vist til, tilsendt saman med med protokollen.

Eventuelt: Stifting av nytt destinasjonsselskap

Styreleiar gjorde greie for prosessen med stiftinga av nytt destinasjonsselskap. I det tidlegare destinasjonsselskapet hadde kommunane styreplassar, medan interrimstyret i det nye selskapet manglar slik representasjon. I kva grad dette var behov for og korleis ein skal få løfte fram behovet blei drøfta, og det blei bestemt at temaet skulle takast opp att på nytt i neste representantskapsmøte.

Valldal, 12.12.25

Turid Humlen

Anne Berit Støyva Emblem

Per-Are Sørheim